

---

Saksnr: 2019/11-73  
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		11.05.2021

Søknad om varig fritak frå verv som vararepresentant i fylkestinget - Bente Øien Hauge (R)

Forslag til innstilling

Fylkestinget innvilgar Bente Øien Hauge sin søknad om fritak frå vervet som vararepresentant i fylkestinget ut valperioden.

Samandrag

Bente Øien Hauge (R) har søkt om fritak frå sitt verv som vararepresentant i fylkestinget ut valperioden. Fylkesrådmannen finn at vilkåra for fritak er oppfylt.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Bente Øien Hauge er fjerde vararepresentant for Raudt i fylkestinget. Øien Hauge har ved søknad datert 25. mars 2021 bede om fritak frå sitt verv ut valperioden grunna helseårsaker.

Vedtakskompetanse

Av reglement for fylkesutvalet punkt 3, går fram at fylkesutvalet har mynde til å ta avgjerd i saker som skulle vore vedteke av fylkestinget, når det er naudsynt å treffe vedtak så raskt at det ikkje er tid til å innkalle til dette, jf. kommunelova § 11-8.

Mynde til å gjere vedtak i søknad om midlertidig eller varig fritak frå verv som folkevald ligg opphaveleg til fylkestinget.

Når folkevalde søker om fritak omgåande (midlertidig eller permanent), meiner fylkesrådmannen at det av omsyn til den folkevalde er naudsynt å treffe vedtak så raskt som mogleg. Fylkesrådmannen legg difor saka fram for fylkesutvalet, og føreset at dette vert etablert som praksis.

Fylkesrådmannen si vurdering

Av kommunelova § 7-9 (2) følger:

«Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt.»

Av førearbeida (prop. 46 L (2017-2018) følger på side 364:

«Det siktes her først og fremst til forhold knyttet til den folkevalgtes helsetilstand, arbeidsforhold, familieforhold og andre sterke velferdsgrunner.»

Øien Hauge sin søknad om fritak ut valperioden er grunngeve med helseårsaker. Fylkesrådmannen finn at vilkåra for fritak er oppfylt, då det vil vere til vesentleg ulempe for representanten om fritak ikkje vert innvilga.

Når det gjeld ledig plass som vararepresentant i fylkestinget, er dette regulert i valgloven § 14-2 (2). Fylkesrådmannen vil fremje eiga sak for fylkesvalstyret om dette, under føresetnad av at Øien Hauge sin søknad vert innvilga. Fylkesrådmannen opplyser i den samanheng også om at Erica Restoft, vararepresentant for Raudt, har trådt ut frå sitt verv grunna flytting frå Vestland fylke.

Konklusjon

Fylkesrådmannen finn at vilkåra for fritak er oppfylt, og rår til at Øien Hauge sin søknad om fritak ut valperioden vert innvilga.